

Vi takkar våre gode samarbeidspartnarar:



FIRDA



Avery Dennison **NTP** AS

SOGN OG FJORDANE



I samarbeid med:



NORDFJORD

Sogn og Fjordane
Fotballkrets


Barn hjelper barn



Ein miniputt kan gjere stor skilnad

Kongleriket

Miniputt
turnering
2011



Barn hjelper barn

I dag har vi ca 480 miniputtlag og ca 4000 miniputtar i Sogn og Fjordane som deltek på våre miniputtturneringar i vår- og haustsesongen. Dette er utruleg kjekke arrangement, kor fotballglede, venskap og gode opplevingar står i fokus.

SFFK ønskjer at turneringane også skal vere ein arena å formidle sunne verdjar og haldningsskapande tiltak for ungane våre. Derfor har vi også valt å fylle miniputt-dagane med fokusområde som:

- Frukt og Grønt
- Fair Play
- Trafikktryggleik

Nytt fokusområde i år er "Barn hjelper barn". Vi har valgt å gå inn i eit spesifikt prosjekt i Vietnam, i fotballklubben i Hong Tien, som NFF gjennom prosjektet **Football for All in Vietnam** (FFAV) følger tett, saman med Norsk Folkehjelp. Klubben består av i alt 8 lag i alderen 6-11 år.

Prosjektet vårt i Hong Tien

Hong Tien ligg i eit fjellområde i distriktet Huong Tra og består av 5 nabolandsbyar. Alle innbyggjarane har etnisk minoritetsbakgrunn, og er svært fattige. Gjennomsnittlig inntekt ligg godt under 5 kroner pr.dag for voksne. Medlemskontingenten i klubben er på ca.60 øre pr.måned, men dei fleste har ikkje råd å betale.



Under Vietnamkrigen hadde amerikanarane base her, og området er særst prega av dei intense kampene som fann stad her. Som eit resultat av krigen, er det fortsatt mange ueksploderte objekt i heile området, inkludert "cluster bomber" som er ekstremt farlege for alle, særleg barna. Norsk Folkehjelp sin Mineaksjon jobbar med å fjerne alle bomber og granater i området, og driv i tillegg informasjonsarbeid for barna i klubben for å fortelje om faren, korleis bombene ser ut og kva dei gjer om dei oppdagar slike objekt.

Det er for første gang arrangert fotballturnering i området. Bana var bygd på dugnad, og barna måtte gå i tog gjennom jungelen for å komme trygt fram til bana. Men turneringa vart gjennomført, til stor glede for miniputtane i Hong Tien!



Så kva gjer vi...?

SFFK ønskjer å sette fokus på og støtte prosjektet i Hong Tien på ulike måtar:

Miniputt-turneringa 28.august: Denne dagen ønskjer vi at miniputtane har krut i støvlane og scorar mål så det sprutar! Vi har nemleg fått med oss 6 gode samarbeidspartnarar som betalar kr.1,- pr.scoring i samlege 8 turneringar denne dagen. Så her er det berre å "trække til"!

Utfordre miniputtane: Vi utfordrar miniputtane med føresette å gjere ein innsats i forkant av turneringa, for å samle inn midlar til prosjektet. Her er det bare fantasien som set grenser! Det kan vere alt fra kakebaking, flaskeinnsamling, tombola, teater, osv. Det viktigaste er at miniputtane er med og bidreg, for dette er dei gode på!

Vi ønskjer tilbakemelding om aktivitetar de har hatt i laget/klubben, og kva som er samla inn av midlar. Send oss gjerne BILETE!

Oppfølging av prosjekt: Vi vil følgje opp prosjektet i løpet av året med nyheitsbrev; både på mail, nettside og facebook samt bilete og informasjon om kva dei innsamla midlane blir brukt til. I tillegg legg vi vekt på å fortelje historier frå laga/klubbane om kva dei har gjort i samband med prosjektet.

Vi ønskjer miniputtane lykke til med "jobben"!

Med vennleg helsing SFFK

Kontonummer for innsamla midlar:
3705 19 42214

